

Førde kommune
Postboks 338
6802 FØRDE

Førde - Kommuneplan 2018 - 2030

Vi viser til oversending dagsett 21.11.2017; høyring av planprogram for kommuneplan for Førde 2018-2030. Saka var oppe i regionalt planforum i møte 13.12.2017. For utfyllande kommentarar til planprogrammet viser vi til referat frå planforum. Frist for høyringssvar på planprogrammet er 15. januar 2018.

Om planarbeidet

Føremålet med planarbeidet er å oppdatere kommuneplanen for tidsrommet 2018 – 2030. Det er lagt opp til samla rullering av samfunnsdelen og arealdelen med felles planprogram. Sidan gjeldande kommuneplan blei vedteken er det gjort vedtak om samanslåing av 4 kommunar i Indre Sunnfjord: Førde, Naustdal, Gaular og Jølster frå 01.01.2020. Førde kommune ynskjer likevel å gjere ei enkel revidering på bakgrunn av erfaringar med gjeldande kommuneplan, særskilt i høve arealplanen. Kommunen legg opp til at det er nokre få område som blir særskilt prioritert.

Føremålet med planprogrammet er å gje ein føreseieleg prosess som set rammer for det vidare arbeidet. I følgje plan og bygningslova skal planprogrammet «gjøre rede for formålet med planarbeidet, planprosessen med frister og deltakere, opplegget for medvirkning, spesielt i forhold til grupper som antas å bli særlig berørt, hvilke alternativer som vil bli vurdert og behovet for utredninger»

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal bygge vidare på dei tre fokusområde i gjeldande plan, samstundes som kommunen skal ta inn over seg at Førde vert del av ein ny kommune, og at Sogn og Fjordane vert del av eit nytt fylke. Kommunen har ambisjon om at samfunnsdelen skal legge tydelegare føringar for arealdelen. Ein vil også styrke mål og resultatstyringa i høve samfunnsdelen.

I rullering av arealdelen vert følgjande tema særskilt vektlagt:

- sentrumsnære einbustadtomter
- fortetting i høve eksisterande og nye område
- implementering av sentrumsstrategiarbeidet
- oppdatering av parkeringsnorm og norm for uteopphaldsareal

Under følger planfaglege innspel til utvalde tema i revideringa av samfunnsdelen og arealdelen.

Planprosess og medverknad

Med bakgrunn i at Førde vert del av ein ny kommune frå 2020 er det fornuftig at ein no avgrensar arbeidet til ei enkel revidering der ein fokuserer på utvalde tema som kommunen ser behov for å avklare tidlegare enn 2020.

I planprogrammet har kommunen lista opp tema som er aktuelle for revidering av samfunnsdelen og arealdelen. Til tross for at kommunen vil ha ei avgrensa revidering verker tema i planprogrammet relativt omfattande. Det er noko uklart kvar grensa går for kva som er relevante innspel til arbeidet.

Kommunen har lagt opp til ein effektiv planprosess der ferdig plan skal vere vedteken innan utgangen av 2018. Det er i liten grad lagt opp til tiltak for medverknad i planprosessen. Sentrum skal vere eit område for heile folkesetnaden og er difor eit område som angår dei fleste innbyggjarar. Vi oppmodar difor kommunen om å vurdere om det skal gjerast særskilte tiltak for å sikre breiare medverknad i prosessen som gjeld sentrumsutvikling.

I arbeidet med kommuneplanen oppmodar vi kommunen om å innleie samtalar med nabokommunane som vert del av nye Sunnfjord kommune for å gje kommunane ei særskild moglegheit til å kome med innspel i prosessen.

Om de har behov for bistand knytt til framstilling av statistikk og analyse i høve planarbeidet kan de ta kontakt med planstaben i fylkeskommunen om dette.

Berekraftig areal og samfunnsutvikling inkl. busetnad

Det er svært positivt at Førde ønskjer legge til rette for sentrumsnære bustader, fortetting i sentrum, auka gå og sykling og auke i kollektivtilbodet. Å skape ein tettstad der både vaksne og born kan gå og sykle til sine daglege gjeremål er klimavenleg, kan bidra til god folkehelse og bygger opp om ein levande tettstad der det er enkelt å organisere kvardagslivet og attraktivt å bu.

Planprogrammet skildrar ei mogleg motsetning i at kommunen både ønskjer fortetting og fleire einebustadar i sentrale område. I planforum vart det særlig skildra eit stort behov for einebustader ved sjukehuset, noko som kan vere viktig for bustadattraktiviteten til Førde. Kommuneplanen bør legge tydelege føringar for at bustadbygging i desse sentrale delane av Førde skal ha høg arealutnytting. For å dra nytte av satsinga på kollektivt og infrastruktur for gåande og syklende bør ein sjå ny bustadbygging i samanheng med denne infrastrukturen slik at ein frå nye bustader enkelt kan kome seg til sentrum og til arbeidsplassen utan å nytte bil. Fortettinga i sentrum må sjåast i samanheng med områdereguleringa for på Indre Øyrane.

Sentrumsstrategi og sentrumsutvikling:

Førde har fått midlar til satsing i sentrum frå fylkeskommunen. Det er positivt at Førde gjennom sentrumsstrategien hentar inn ny kunnskap som skal ligge til grunn for sentrumsarbeidet. Å implementere sentrumsstrategi er viktig for sentrumsutviklinga i Førde.

Kommunen har definert ei geografisk avgrensing av sentrum. Det er viktig at sentrumsavgrensing er ei tydeleg føring for kvar ein i framtida lokaliserer handel, offentlege og private tenester. I tillegg er det viktig å legge til rette for bustader i sentrum. Sentrum bør ha særlig høg arealutnytting.

Samstundes bør ein i sentrum ta i vare grøne verdiar. Dette var eit viktig poeng også i fylkeskommunen sitt innspel til gjeldande arealdel. Jølstra og elvebredda er eit viktig blå-grønt landskapselement i sentrum. Å ta i vare elva og dei grøne areala ved elvebredda er i tillegg viktig for å gje elva eit omland å vekse i ved flaum.

Bygnadsmiljøet i Førde sentrum er delvis prega av kjøpesenter. Samstundes har ein og ein kombinasjon av ny og spanande arkitektur og eldre bygg som er av kulturhistorisk verdi for Førde. Gjennom sentrumsarbeidet bør ein vurdere korleis både den gamle og den nye arkitekturen kan nyttast som ei styrke og eit særpreg for sentrum.

Førde sentrum er i dag prega av mykje trafikk og overflateparkering. Gjennom arbeidet med sentrumsstrategien bør ein vurdere moglegheita for å redusere trafikken i sentrum og eventuelt prioritere fotgjengarar høgare i enkelte av gatene. Ein bør og sjå på moglegheiter for å redusere

mengda overflateparkering, og på den måten frigi areal både til eventuell utbygging og til å utvikle grønne areal.

Handelen i Førde er i dag delt mellom sentrum og Brulandsvellingene. Å etablere slik handel utanfor sentrum har mange plasser i landet ført til at handelen i sentrum mister kundar til kjøpesentra utanfor sentrum og at sentrum mister attraktivitet. I sentrumsarbeidet bør ein vurdere aktuelle grep for å oppretthalde handelen i sentrum.

Førde sin rolle i regionen og fylket

I fylkesdelplan for arealbruk (2000) er Førde fastsett som fylkessenter. I tillegg er Førde definert som fylkessenter i «Regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesentra (2017) », jf. punkt 3.4 [http://www.sfj.no/Regional planføresegn](http://www.sfj.no/Regional%20planføresegn). I fylkesdelplanen, eller i planføresegna, er det ikkje gjort noko vurdering eller grunngjeving for Førde sin status som fylkessenter.

Førde har ei viktig rolle som tyngdepunkt i bu- og arbeidsregionen i Sunnfjord. Det er i dag mange som pendlar inn og ut av Førde dagleg og utviklinga i bu- og arbeidsmarknaden i Førde er nært knytt til utviklinga i nabokommunane. Ved lokalisering av arbeidsplassar, tenester, samferdsle og bustad i Førde bør ein sjå dette i samheng med nabokommunane og pendlemønstra i regionen.

Omdømme og bustadattraktivitet

I regional strategi for senterstruktur og tettstadutvikling som er under utarbeiding , ser ein på samanhengen mellom vekst i arbeidsplassar og vekst i netto tilflytting. På landsbasis er tendensen at kommunane med høg vekst i arbeidsplassar og har høg vekst i netto tilflytting. Førde har ei lågare netto tilflytting enn det ein kan vente basert på utviklinga i arbeidsmarknaden.

Ifølgje Telemarksforskning, som analyserer samanhengen mellom arbeidsmarknad og flytting i sine «*Regionale analysar*», er det fleire forhold som kan vere med å forklare dette avviket. Tilhøva i *bustadmarknaden* er kanskje den viktigaste. I tillegg kjem gode offentlege tenester og eit variert kommersielt tenestetilbod. Elles er det eit viktig poeng at det ein reknar som attraktivt ved ein stad varierer, både mellom individ og grupper. Som ein konsekvens vil forskjellige stadar, avhengig av sine særeigenskapar, vere attraktive for forskjellige deler av folkesetnaden. I utforming av strategiar for å betre bustadsattraktivitet bør kommunen derfor ha medvit om *kven* ein har potensial og ønske om å vere attraktiv for, og ta utgangspunkt i dei *særeigne* fortrinna til kommunen. Det særeigne dreier seg om naturgjevne og menneskeskapte omgjevnader, men også stadleg kultur og historie. Det finst truleg ikkje ei enkel og rask løysing på korleis Førde kan styrke tilflyttinga. Men basert på denne forskinga verkar det riktig av kommunen å både jobbe for å ha ein bustadmarknad som svarer til innbyggerane sin etterspurnad, og å styrke offentlege og private tenester. I tillegg til dette kan omdømmearbeidet vere viktig for å styrke tilflyttinga og redusere fråflyttinga frå Førde.

I planprogrammet vert det trekt fram fleire karakteristikkar om Førde i dag, som ein meiner kan vere grunnlag for omdømmearbeidet; «bilby», «sykkelby», «handelsby», «den vakre byen i det vakre landskapet». I Førde har ein moglegheit for å snu eit omdømme som «bilby med store asfaltareal» til «sykkelby med blå-grønne verdiar». Eit godt prinsipp kan uansett vere å bygge omdømmet om eksisterande positive eigenskapar som innbyggerane kjenner seg att i. Innan kultur utmerkar Førde seg på fleire område, både når det gjeld å vere eit urbant tyngdepunkt i nynorskfylket, moderne arkitektur, Førdefestivalen, Sogn og Fjordane kunstmuseum. Om ein samanliknar Førde med korleis andre stader promoterer liknande kulturtilbod ser ein at her kan vere potensial for å nytte kulturtilbodet meir i promotering og identitetsbygging i Førde.

Føringar for endring av arealbruk

Det er ei styrke for arbeidet med arealdelen at ein allereie i planprogrammet gjer tydeleg føringar for endra arealbruk. Dette bidreg til ein føreseieleg prosess. For nye bustadområde bør føringane inkludere føringar knytt til arealutnytting. Ved endring frå LNF til bustad er det i særleg grad viktig med høg arealutnytting, for å redusere behovet for nye areal. Føringane kan og vere tydelegare på å

prioritere dei sentrale områda når det gjeld ny utbygging. Til dømes ved å knytte retningslinjer for arealbruk til den definerte sentrumssona og eventuelt andre retningslinjer for ei definert sone for tettstaden utanfor sentrum.

Område utanfor tettstaden

Å definere område for LNF spreidd bustad, fritidsbustad og næring kan vere ein god måte å redusere talet dispensasjonar for denne type arealføremål utanfor tettstaden. Ved frådelling av nye eigedomar frå landbrukseigedomar bør ein unngå at delinga fragmenterer større samanhengande jordbruksareal.

Vassforvaltning

Regional plan for vassforvaltning er førande for kommunen. I denne planen vert det definert miljømål for alle vassdrag i vassregionen. Kommunen har ansvar for å følgje opp at miljømåla vert nådd. Under punkt 3 i «Lokale føringar for endring av arealbruk» bør kommunen legge til ei føring knytt til vassressursane.

- At alle vassførekomstar skal ha god eller svært god økologisk tilstand, med mindre eit lågare miljømål er godkjent i vassforvaltningsplanen (/alt. å nå miljømåla for vassførekomstane jf regional plan for vassforvaltning)

For arealavklaring langs sjø og vassdrag må ein ta omsyn til miljømåla som er sett i regional plan for vassforvaltning. Basert på desse måla kan det vere aktuelt å definere omsynsoner langs sjø og vassdrag med tilknytte føringar for arealbruk.

Klima

Regional plan for klimaomstilling er under utarbeiding og skal vedtakast i juni 2018. For å lukkast med klimaomstilling av samfunnet vektlegg planen at vi både må redusere utslepp av klimagassar, og i tillegg tilpasse oss framtida sitt klima. Ei klimaomstilling krev at vi vurderer klima i alle aspekt ved samfunnsutviklinga. Saman med Gaular, Jølster og Naustdal utarbeidet Førde ein felles plan for klimaomstilling som skal ferdigstillast i 2018. Dette er eit veldig interessant arbeid og eit nybrottsarbeid her i fylket. Fylkeskommunen følgjer prosessen tett og har inntrykk av at kommunen har knytt mål og kunnskapsgrunnlag i arbeidet tett opp til prosessen for fylket. Dette ser vi som positivt.

I arbeidet med kommuneplan vert omsyn til klima sett opp mellom dei overordna tema for planen. For å lukkast med det tverrfaglege arbeidet som er naudsynt i klimaarbeidet er det viktig å sikre god kopling mellom klimaplanen og kommuneplanen. Arealplanlegging og – forvaltning er mellom dei områda der kommunane har stor moglegheit og mynde til å gjennomføre konkrete tiltak innan klimaarbeidet. I arbeidet med regional plan for klimaomstilling er identifisert at ei utfordring for det kommunale klimaarbeidet er at mange kommunar ikkje har gode nok retningslinjer eller rutinar for å følgje opp klima i den konkrete sakshandsaminga. I den grad det er mogleg før interkommunal klimaplan er vedteken bør kommunen i arealdelen definere retningslinjer og rutinar for arealbruk som bygger opp om målsettinga om klimaomstilling.

Kulturarv

Freda bygningar i Førde kommune

Ein del av dei kulturhistorisk mest verdifulle bygningane i landet har blitt freda i medhald av lov om kulturminne, dette er det strengaste vernet ein bygning kan få. I Førde kommune er følgjande bygningar freda i medhald av lov om kulturminne:

- Kirkevolden – bustadhus
- Bruland futegard – fredinga omfattar totalt 5 bygningar
- Løsetloftet – ein loftsbygning på Sunnfjord museum
- Sandnesbua – bu frå Jølster som er flytta til Sunnfjord museum

- Østenstad – stovebygning på Sunnfjord museum (automatisk freda)
- Fleten – stabbur (automatisk freda)
- Førde sentralsjukehus – forskriftsfreda

Den konteksten ein bygning står i er viktig for både forståinga og opplevinga av den. Fleire av dei freda bygningane i Førde vart freda på 1920-talet og då hadde ein sterkt fokus på den enkelte bygningen, medan omgjevnadane ikkje vart vurdert på same måte som i dag. Erkjenninga av at omgjevnadane til eit kulturminne er viktige for kulturminnet sin verdi som kunnskapskjelde og oppleving har ført til at vi i dag er opptatt av å bevare konteksten kulturminna står i. Ei føljje av dette er at vi ved nye fredingssaker også har moglegheit til å frede eit område rundt kulturminnet for å bevare verknaden av det i omgjevnadane.

For dei eldre fredingane er det ynskjeleg at det vert lagt omsynssone C i medhald av plan og bygningslova sin § 11-8 over eit høveleg området rundt det freda objektet. I samband med reguleringsplan for Bruland vart eit område rund Futegarden regulert til bevaring, og såleis er omgjevnadane til den tatt vare på. For dei freda bygningane i Førde kommune er det her spesielt Kirkevolden og Fleten som har behov for ein omsynssone. Vi ber difor om at det i samband med kommuneplanen sin arealdel vert sett av ein høveleg omsynssone med gode retningslinjer til desse to objekta. For bygningane på Sunnfjord museum vurderer vi det til at det ikkje er behov med noko omsynssone då dei står inne på museumsområdet. For meir informasjon om dei freda bygningane i Førde kommune syner vi til Riksantikvaren sin database Askeladden.

<https://askeladden.ra.no/Askeladden/Pages/LoginPage.aspx?ReturnUrl=%2faskeladden>

Listeførte kyrkjer

Kyrkjene våre er verdifulle kulturminne som i tillegg er viktige bygningar for mange av innbyggjarane i kommunen. Dei kulturhistorisk mest verdifulle av kyrkjene frå tida etter 1650 er blitt listeført og blir handsama i tråd med Kirkerundskrivet. I Førde kommune er følgjande kyrkjer listeført:

- Førde kyrkje
- Holsen kyrkje

Kyrkjene har tradisjonelt hatt ein markant og dominerande plassering i lokalsamfunnet og mange stadar var dei den einaste monumentale bygningen. Dette samt bruken av kyrkjene har ført til at mange har eit sterkt identitetsforhold til kyrkjebygningen. For å bevare verknaden av kyrkjene i omgjevnadane er det i Kirkerundskrivet fastsatt at ein utanfor bymessigestrøk ikkje kan byggje nærare ei kyrkje enn 60 meter utan at biskopen har gjeve løyve til det. Vi vil difor råde dykk til å merke av 60 meter sona i plankartet for både dei listeførte kyrkjene og dei som ikkje er listeført, samt legge inn ei føresegn om at det ikkje kan byggjast nærare kyrkja enn 60 meter utan at biskopen har gjeve løyve til det. For meir informasjon om omgjevnadane til kyrkjene syner vi til Rundskriv Nr: T-3/00 Forvaltning av kyrkje, kirkegård og kirkens omgivelser som kulturminne og kulturmiljø (Kirkerundskrivet). <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/t-300-kulturminne-kirke/id278976/>

Kulturminneplan

Førde kommune er i gang med å lage ein eigen kulturminneplan for kommunen. Vi finn det positivt at de i planprogrammet har lagt inn at kulturminneplanen skal danne grunnlag for omsynssoner i kommuneplanen sin arealdel. Dette vil gi dei utvalde kulturminna eit vern slik at dei vil bli tatt vare på, og kommunen vil kunne vere føreseielege i sitt arbeid med nye tiltak på desse eigedomane. I tillegg vil det å gje dei ein formell status vere nyttig for den enkelte eigar, til dømes i samband med søknad om tilskot frå Norsk kulturminnefond til istandsetjing.

Nyare tids kulturminne

Nyare tids kulturminne er ein verdifull ressurs i arbeidet med å utvikle Førde til ein god stad å bu og arbeide.

I planprogrammet er det lagt opp til fornying av eldre bygningsmasse. I denne sammenhengen er det viktig at ein først gjer ei vurdering av den kulturhistoriske verdien av den eldre bygningsmassen før ein tek avgjerd om korleis den skal fornyast. Tilpassing av eldre verneverdig bygningsmasse til ny bruk er mogleg og ein kan få gode resultat som tek omsyn til både bygningen sine kulturhistoriske verdiar og til den nye bruken. Vi ser at dette er mest aktuelt i Førde sentrum der utbyggingspresset er størst. Vi vil oppmode dykk til at det i arbeidet med lokal kulturminneplan gjer ei analyse av kva bygningar i sentrum som er verneverdige, og som bør ha ei omsynssone i kommuneplanen sin arealdel. Dette vil gje kommunen eit godt verktøy i arbeidet med å utvikle Førde sentrum i tråd med målsetjinga i planen, samstundes som kommunen vil kunne vere føreseielege ovanfor dei enkelte grunneigarane.

Vi syner elles til Riksantikvaren sin rettleiar Kulturminner, kulturmiljøer og landskap. Planlegging etter plan- og bygningsloven [pbl veileder 2016.pdf](#) . Samt deira rettleiar Konsekvensutredning av kommuneplanens arealdel for tema kulturminner og kulturmiljøer [Konsekvensutredning kommuneplanens arealdel veileder.pdf](#) . Desse to rettleiarane er nyttige i den vidare planprosessen.

Automatisk freda kulturminne

I Førde kommune er det særskilt konsentrasjonar av automatisk freda kulturminne på Vie. Fylkeskommunen har i samband med tidlegare revideringar av arealdelen til kommunen, spelt inn at vi ikkje ynskjer meir fortetting i områda kring mellomalderkyrkjestaden på Løland. I førre rullering vart det avsett eit nytt bustadareal i nærområdet, og vi meiner at tålegrensa for fortetting i dette området no er nådd.

Vi er vidare oppteken av at landskapet rundt gravfeltet på Løland blir sikra. Kommunen kan med fordel utvide omsynssona rundt dei kjende gravminna og bustad-/aktivitetsområda frå førhistorisk tid. Det kan då vere hensiktsmessig å nytte omsynssone H-750 for dei områda utanfor H-730-sonene.

Vidare må de vidareføre/legge på omsynssonene på alle dei automatisk freda mellomalderkyrkjestadane i kommunen: Vie, Holsen, og Haukedalen. Vi presiserer at mellomalderkyrkjestaden for Haukedalen må få omsynssone H-730.

Trongen for å gjennomføre eventuelle §9 undersøkingar vert avklart på reguleringsplannivå.

Forholdet til marine kulturminne

Bergen Sjøfartsmuseum skriv følgjande i høyringsfråsegna si:

Vårt ansvarsområde, etter føresegn til Lov av 9.juni 1978 nr. 50 om kulturminne, gjeld marine kulturminne og omfattar derfor sjø- og strandområda, samt vann og vassdrag. Bergens Sjøfartsmuseum er etter føresegna til Kulturminneloven marinarkeologisk uttalemuseum i forbindelse med alle tiltak som råkar sjøbotnen.

Museet er vidare rette myndigheit til å krevje undersøkingar ved tiltak, planer og utreiingar som vil kunne åka kulturminne under vann, og skal derfor underrettast ved oppstart av alle regulerings- og byggeplanar, samt andre tiltak som omfattar sjøareal. Vi minner om at undersøkingsplikta i Kulturminnelovens§ 9 også gjeld for sjøbotnen og i vassdrag. Døme på tiltak i sjø er mudring/gravning, utfylling/dumping, legging av vassleidningar, bygging av kaier, brygger, flytebrygger med meir. Særskild for kulturminne i vatn og sjø er Kulturminnelovens§ 14 som inneber at skip- og skipslast eldre enn 100 år er statleg eigedom.

Varslinga skal skje gjennom Sogn og Fjordane fylkeskommune, eventuelt med kopi av sakene direkte til oss for uttale. Alle saker må leggjast fram for fylkeskommunen, som er mottak for alle plan- og tiltakssaker. Våre vurderingar av kva for planer som krev særskilte undersøkingar vil bl.a. ta

utgangspunkt i føreliggjande kunnskap om førekomstar av kulturminne, eventuelt ei vurdering av regulerings/- tiltaksområdets potensial for marine kulturminne.

Kultur, frivilligheit og folkehelse

Kultur, frivilligheit og folkehelse er i liten grad omtala i plandokumentet. I planen sitt punkt 2.3.3. viser ein at dette er ein enkel rullering av kommuneplanen, og at kommunen vil byggje vidare på satsingar og fokusområde i gjeldande kommuneplan. Vi føreset difor at det som omhandlar kultur, frivilligheit og folkehelse vert vidareført frå gjeldande plan.

Førde kommune tek inn over seg at ein er på veg inn i ein ny kommune, og ein større region. Førde kommune tek mål av seg til å vere ei leiande kulturkommune, med urbane kvalitetar, pulserande kulturliv og internasjonalt mangfald. Vi viser til kulturaktørane, kulturaktivitet og den kulturelle infrastrukturen som eit viktig felt for å bygge nye strukturar og skape møteplassar i ein ny kommune. Dette gjeld både nettverksbygging, skape attraktivitet og å skape ein felles identitet for den nye kommunen.

Med helsing

Synnøve Stalheim
plansjef

Mari Johansen Aune
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi til:

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER